

Årsmelding for Kaupanger sokneråd 2013



Årsmelding for Kaupanger sokneråd 2013



Innleiing

Soknerådet ønskjer med denne årsmeldinga å gje innsyn i det arbeidet som er gjort i soknet gjennom året.

Soknerådet, som er valt for fire år, er frå 1. november 2011 samansett slik:

Leiar: Kari Alme
Nestleiar : Norunn Finden Hellebø
Kasserar: Ove Hundershagen
Skriver: Aslaug Eikemo
Styremedlem: Bård Haukedal til 1/10 2013. Seinare ikkje fast prest.
Styremedlem: Jan Petter Vadheim
Styremedlem: Anders Bjørk
1. varamedlem: Christoffer Knagenhjelm

Representantar til fellesrådet:

Medlem: Anders Bjørk
Varamedlem: Norunn Finden Hellebø

Representantar til Forstandarskapet for Stiftinga Stedjetunet:

| | | |
|-------------|-------------------|-----------|
| Medlem: | Anne Lille-Homb | 2014-2018 |
| | Eivind Ruud | 2012-2016 |
| | Eivind Sønstegård | 2012-2016 |
| Varamedlem: | Tone Sætre Systad | 2012-2016 |
| | Arne Bjelde | 2014-2018 |

Kaupanger sokneråd har hatt 12 møte og handsama 43 saker i 2013. Dette er saker i samband med desse områda:

Diakonalt arbeid.

Diakoni er evangeliet i praksis, som kyrkja sitt ”kroppsspråk”, noko som er grunnleggjande ved det å vera kyrkje. Kyrkja vil at den diakonale dimensjonen på ulike måtar skal komma fram i fellesskapet, gjennom forkynning og teneste i praktisk handling. Mange menneske yter og får omsorg av sine medmenneske i Kaupanger sokn - mykje diakonalt arbeid skjer ”i det stille” – eit av kjenneteikna for diakonien.

Diakonen skal leia kyrkjelyden si omsorgsteneste og ha gudstenestelege oppgåver og medansvar for å rekruttera, utrusta og rettleia frivillige medarbeidarar (Tjenesteordning for diakoner, 2004).

Gitte Therkelsen Torstad har 100% stilling som soknediakon. Stillinga er finansiert med 50% løn frå bispedømet og noko støtte frå sokneråda. Fellesrådet yter resten og har arbeidsgjevaransvar. Diakonen hadde studiedag kvar fredag knytt til Masterstudiet i Oslo, og ho hadde permisjon dei 6 vekene det var samlingar i Oslo. Vinteren 2013 hadde Gitte kyrkjelydspraksis i Skjold kyrkjelyd i Bergen, og hausten 2013 var Gitte fire veker på Haraldsplass diakonale sjukehus i praksis.

Diakoniutvalet består av medlemmer frå alle fem sokna. Frå Kaupanger sokn er May Kristel Bødal medlem og Norunn Finden Hellebø varamedlem. Utvalet hadde 3 møte i 2013 og drøfta 13 saker. Drøftingane har særleg vore konsentrerte om dei ulike aktivitetane som er i sokna. Besøkstenesta held fram, det same gjer konfirmantarbeidet. Det er sendt søknad til fylkeskommunen om midlar til kjøp av audiovisuelt utstyr for tolking i gudstenesta, og utvalet ventar på svar. I august månad vart det skipa til kyrkjelydstur med buss til Vik og Framfjorden med nærare 50 deltakarar.

Nokre av diakonen sine oppgåver i 2013:

Konfirmantarbeid: Diakonen har særleg ansvar for konfirmantar som treng ekstra oppfølging og tilretteleggjing, og kontakt med foreldra deira. Har også noko undervisning. Er medleiar med faste planleggjingsmøte og gjennomføring av konfirmantdagane. Ansvar for foreldrevakter på konfirmantnatta.

Sorgarbeid: Samtale og oppfølging av pårørande etter dødsfall. Sorgarbeidet har lide under at Gitte har vore mykje borte i samband med studiet og praksis i Bergen. Det har ikkje vore sorggruppe dette året, men diakonen har gjennom året hatt fleire sjelesorgsamtalar med menneskje i ulike livssituasjonar.

Kaupanger kyrkjelyd har elles både tekstlesarar og kyrkjevertar, og soknerådet legg vekt på kyrkjekaffi ved nokre av gudstenestene. Konfirmantane er også medhjelparar ved gudstenestene. Dette er tenester og arbeid som vert forstått som diakoni. Anna diakonalt arbeid er besøksteneste, treff for 50- årskonfirmantar, generelt konfirmantarbeid, oppfølging av konfirmantar ved behov og trusopplæringsarbeid.

Ein vil elles sjå at mykje av det som kjem under neste avsnitt, **Trusopplæring**, også er diakonalt arbeid.

Trusopplæring.

Trusopplæringsleiar Guri Høstaker Nordheim laga i 2011 -12, saman med soknerådet i Kaupanger, ein trusopplæringsplan for Kaupanger sokn som vart godkjend av biskop Halvor Nordhaug i 2012. Skuleåret 2013-14 har Guri H. Nordheim permisjon frå stillinga som trusopplærar og Nils Einar Berget er vikar for henne. Tone Sætre Systad er Kaupanger sin representant i trusopplæringsutvalet.

Trusopplæringa i Kaupanger jobbar mot eit mål:

At barn og unge, gjennom å dela tru og undring, skal læra å kjenna den treeinige Gud og veksa i trua på Han. At barn og unge kjenner seg heime i kyrkjelyden og erfarer eit raust og godt fellesskap der.

Me ynskjer å bidra til at foreldre ser seg sjølve som viktige medarbeidarar i trusopplæringa og å leggja til rette for eit godt samarbeid med dei.

- Før dåp i kyrkja er det dåpssamtale. I samband med den får dåpsbarn og foreldre boka ”Nå lukker seg mitt øye”+ CD.
- På dåpsdagen får dei dåpslys. Tanken bak er at dei kvart år på dåpsdagen kan tenna dåpslyset og markera dagen.
- 4- åringane får om hausten ”Mi kyrkjebok” med arbeidshefte til, i gåve frå kyrkjelyden. I god tid før vert det sendt ut invitasjon til 4-åringane, og dei får DVD-en ”Velkommen”. Fem 4-åringar møtte, saman med føresette, til undringstime i stavkyrkja laurdag 16.11. 2013. Dei hadde leikedåp, det vart fortalt frå Bibelen, dei song, åt bollar og drakk brus. Søndag 17.11. fekk så 4-åringane 4-årsboka under gudstenesta.
- I vårhalvåret markerer me ”Bibeldagen”. I gudstenesta den dagen får 11-åringane ”Godt nytt” i gåve frå kyrkjelyden. Dei er òg med og har ulike oppgåver i gudstenesta.
- I invitasjonen til gudstenesta får 11-åringane òg invitasjon til og informasjon om 11-årsleiren som vert arrangert på Lyngmo ei av helgene i mars.
- Dei nye konfirmantane vart presenterte for kyrkjelyden under gudstenesta den 1.september. Laurdagen før hadde dei fyrste samlinga si i kyrkja
- Våren 2013 var det 26 konfirmantar i Kaupanger. Konfirmantåret består av fellessamlingar, gudstenestefeiring, individuelle samtalar og tur. Konfirmantane er gudsteneste-medhjelparar, og dei deltek i diakonigruppe på eldrekafe. Dei gjer ein stor innsats under fasteaksjonen. Den 19. mars 2013 samla konfirmantane inn 18 958 kr. som gjekk til Kirkens Nødhjelp.
- Den 14. april var det samtalegudsteneste med kyrkjekaffi på Kafe Knaken etterpå, og p.g.a. mange konfirmantar var det denne våren 3 konfirmasjonsgudstenester: den 18.5. kl 12.00 og den 19.5. kl 10.00 og 12.00.
- Den 16. juni var det Vitusmesse – gudsteneste i Kaupanger stavkyrkje. Til den gudstenesta var 6-åringane innbedne for å få 6-årsboka. Det var første gong 6-årsboka vart utdelt, og etter gudstenesta var det kyrkjekaffi med leikar og ymse innslag på kyrkjebakken.
- I september 2012 starta trusopplæringsutvalet opp noko dei kalla ”Livets skattkiste”-dag. Det er representantar for besteforeldregenerasjonen som fortel born om då dei sjølv var born. Dei fortel om dagleglivet, kyrkja, søndagsskule m m. Dette arbeidet heldt også fram i 2013.

Fellestiltak.

- Tårnagenthelga 2013 gjekk ut p.g.a. manglande trusopplærar.
- Pangstartleir. Leir for 11 – 13- åringar på Lyngmo veka før skulestart. Her er gjerne nokre **etter-konfirmantar** med som leiarar. Dei har då vore på ein **ungdomsleiar – leir** i førekant av Pangstart-leiren.

Samarbeid kyrkje/skule/barnehage.

- Furuli barnehage var før jul på kyrkjebesøk og pynta med englar i kyrkja. Etterpå gjekk dei rundt juletreet som står like utanfor kyrkja. Organist Lars Einar Bakketeig spela til julesongane.
- Kaupanger skule hadde skulegudsteneste til jul og til påske, to gudstenester kvar gong. Her er elevar og konfirmantar medhjelparar.

Soknerådet har arbeidd med mange saker i 2013, og nokre av desse sakene er:

Arbeid med årsplan.

Soknerådet har arbeidd mykje med å laga ein halvårsplan. Ein god plan vil letta arbeidet i soknerådet og også vera eit viktig dokument for nye sokneråd.

Soknerådet arbeider jamnleg med å finna så god form som mogeleg på denne planen, så dette arbeidet vil nok halda fram.

Reglar for utleige av kyrkja.

Hausten 2013 avslutta soknerådet arbeidet med reglar for utleige av kyrkja.

Leiga for arrangement som ikkje er gudsteneste eller oppbyggjeleg møte, er kr.3 000. Dette er likt i alle sokna i kommunen.

Arrangement som inngår i soknet sitt kyrkjemusikalske arbeid, får fritak for betaling.

Utdeling av Bibel til 11-åringar.

Til no har 11-åringane fått utdelt NT, men soknerådet vedtok på møte 23.01.2013 at 11-åringane skal få Bibelen i staden.

Andre hendingar i året 2013.

- Kyrkjekulturkveld 10. mars arrangert av Kaupanger bygdakor i samarbeid med soknerådet.
- Vitus-messe 16. juni. Kyrjekaffi. Utdeling av 6-årsboka.
- 9.april: Kyrkjelydsfest/årsmøte for Kaupanger sokn. Det var første gong soknerådet kombinerte årsmøtet med kyrkjelydsfest, og det vart ei hyggjeleg stund i bedehuset. Jostein Heggstad hadde laga ein flott bilde-quiz der me fekk prøvd lokalkunnskapen vår, og Torjus og Martin spelte for oss.
- 30. april: Dugnad på kyrkjegarden.
- Den 15.september hadde me avskilsgudsteneste for Bård Haukedal, med kyrjekaffi i bedehuset etterpå.

Takkeoffer

Takkeoffera i 2013 gjekk til :

Kyrkjelydsarbeidet, ny kyrkje, Det norske bibelselskap, Sjømannskyrkja, Menighetsfakultetet, Sogn og Fj. krins av KFUK/KFUM, Lyngmo ungdomssenter, Det norske misjonsselskap og Kirkens nødhjelp.

Økonomi

Soknerådet disponerer tre kontoar i Sparebanken Vest.

Pr 31.12.2013 stod det på desse kontoane:

- Konto for ny kyrkje : kr 335 660,-
- Brukskonto : kr 8 226,-
- Høgrentekonto : kr 130 800,-

Årsstatistikk –

- Tal gudstenester : 33 Deltakarar : 2419
- Tal døypte: 14
- Konfirmerte: 26
- Vigsler: 2
- Gravferder: 12

Soknerådet vil takka alle som ein har samarbeidd med og som har gjort ein innsats gjennom siste året:

- Tekstlesarane
- Kaupanger skule, Furuli barnehage, Kaupanger bygdakor, Kaupanger skule og ungdomskorps, Nybø gartneri, Kaupanger bedehus og Knaken kafe.
- Dugnadsgjengen som er med og pyntar opp på kyrkjegarden
- Til sist ei takk til prestane og dei tilsette i kyrkja for alt arbeid som er lagt ned i kyrkjelyden i 2013.

Kaupanger 25.03.2014

Aslaug Eikemo, skrivar.